



# STATSSPRÅK

BLADET FOR GODT SPRÅK I STATEN UTGITT AV SPRÅKRÅDET NR. 1 - 2016



«Forsvarets forskingsinstitutt har fyrsteklasses forskarar, men evna til å formidle er ein eigen kunst. Den må dei kunne.»

ANNE-LISE HAMMER, KOMMUNIKASJONSSJEF

## Har tilsett eigen språkrådgjevar

– Godt språk og god formidling skal vere ein integrert del av arbeidet vårt, og difor valde me å tilsette ein eigen språkrådgjevar. Sporadiske skrivekurs blir rett og slett ikkje nok, seier kommunikasjonssjef ved Forsvarets forskingsinstitutt, Anne-Lise Hammer.

**F**orsvarets forskingsinstitutt (FFI) på Kjeller har kring 520 forskarar på fagfelt som spenner frå samfunnsvitskap til teknologi. For vel eitt år sidan tilsette dei ein eigen språkrådgjevar som skal løfte den språklege kvaliteten i organisasjonen. Hovudføremålet er at forskarane skal bli betre formidlarar.

### Må få autoritet

– Tidlegare var eg som kommunikasjonsjef nokså aleine om å røkte språket i organisasjonen. For oss var det å tilsette ein eigen språkrådgjevar resultatet av å gjere forskingsformidling til eit kontinuerleg satsingsområde. Heile leiinga var samde om at me trong ein språkrådgjevar, seier Hammer.

For Hammer er det viktig at stillings-tittelen er *språkrådgjevar*, ikkje *språkkonsulent*.

– Rådgjevar er ei høgare stilling i staten enn konsulent. Sjølv nemninga verkar kanskje symbolsk, men det er viktig for meg at stillinga får den autoriteten ho fortener. Språk er eit eige fagfelt, og me har medvite tilsett ein språkvitar i stillinga, ikkje ein kommunikasjonsarbeidar. ►

### Lag din egen svadagenerator!

Sliter du med skrivingen? Strekker ikke ordene til? Det er hjelp å få. Med Språkrådets svadageneratorer kan du lage fiks ferdige setninger som er fullt på høyde med det beste innenfor statlig prosa.

Innholdet er allerede ferdigtygd, mens tidstypiske ord og uttrykk og «stammespråk» sørger for at formen passer. Taler, stortingsmeldinger, notater eller strategidokumenter? Ikke noe

problem! La svadageneratoren gjøre jobben for deg.

På svadagenerator.no finner du blant annet klimasvada, forsvarssvada og plan- og byggessvada. Hvis du ønsker deg en versjon av generatoren som er spesialtilpasset din arbeidsplass eller sektor, kan du få tilsendt en mal av oss. Skriv til [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no).

► Ein stor del av tekstmengda hjå FFI er forskingsrapportar, og dei kjem anten på engelsk eller norsk. Organisasjonen har særleg prioritert å betre den språklege kvaliteten i samandraga av rapportane.

– Samandraga våre har blitt tydeleg betre i det siste, og det er me glade for. Me har fyrsteklasses forskrarar i denne organisasjonen, men evna til å formidle er jo ein eigen kunst. Og det hjelper dessverre ikkje å forske om du ikkje kan formidle. Det skal språkrådgjevaren gjere dei betre til. Hennar rolle er ikkje å språkvaske dei skriv, men å lære dei å skrive betre og meir forståeleg, seier Hammer.

#### Avgrense arbeidet

Ålov Runde er språkrådgjevaren i FFI. Ho har hovudfag i nordisk språk og lang erfaring med språkarbeid. Dei ytre rammene for språkrådgjevarstillinga var fastlagde, men mange av stiane har Runde mått gå opp sjølv. Ho har fått vel så mykje bruk for pedagogen som språkvitaren i seg.

– Eg har brukt god tid på å bli kjend med organisasjonen og finne ut kvar eg skal setje inn kreftene. Det nyttar ikkje å vere nokon streng norsklektor her. Eg må bruke tid på å få vist fram kven eg er, og kva eg kan bidra med. Finne meg eit rom, rett og slett.

«Det gjeld å finne 'dei skjulte' nynorskbrukarane og få dei til å skrive nynorsk.»

ÅLOV RUNDE, SPRÅKRÅDGJEVAR I FFI

#### Kva har vore den største utfordringa så langt?

– Det har eigentleg vore å avgrense arbeidsfeltet mitt. Som språkrådgjevar blir det fort til at eg får spørsmål om stort og smått som gjeld språk. Men med 520 forskrarar seier det seg sjølv at eg ikkje kan ta meg av kommafeila til kvar enkelt, for å seie det slik. Eg går sjølvsagt òg gjennom ein del sentrale tekstar. Men mi rolle er primært å gjere folk til betre skribentar ved hjelp av ulike tiltak, det er altså snakk om hjelp til sjølvhjelp. Eg kjem til å ta utgangspunkt i mykje som er gjort i klar-språksarbeidet.

– Noko av det som står for tur no, er å ha ei fast spalte på intranettet, der eg tek opp ulike språklege tema som eg ser det er behov for meir kunnskap om.

#### Finne nynorskbrukarane

Ei anna viktig oppgåve for Runde er å arbeide ein eigen språkprofil for FFI, som blir ein viktig reiskap for dei tilsette.

– Blant anna skal eg etablere ein eigen standard for kva former me brukar. Skal det til dømes heite *fram* eller *frem*? Slik skal språkprofilen ta stilling til.

*Som einsleg språkrådgjevar i ein stor organisasjon har du ikkje mange å diskutere ting med?*

– Nei, her på huset er eg aleine. Det kan eg merke når spørsmåla blir vanskelege. Men eg har skaffa meg eit nettverk av likesinna rundt omkring i staten. Elles er det fint å ha nokon å ringje til om vanskelege spørsmål som dukkar opp, blant anna i Språkrådet.

Runde har òg jobben med å få FFI til å skrive meir på nynorsk.

– Der er me langt unna 25 prosentgrensa, det kan eg berre seie med ein gong.

## Språk i byen – utstilling på Bymuseet

Snart kan du se utstillingen «Oslo sier. Språk i byen» på Bymuseet i Oslo. Temaet for utstillingen er talespråket i Oslo før og nå.

Talespråket forteller mye om oss mennesker i både fortid og nåtid. I hovedstaden finner vi det talespråket som tradisjonelt har hatt høyest prestisje her i landet, men også det som lenge lå aller nederst på den sosiale rangstigen. I Oslo møtes språket til høy og lav fra bygd og by, øst og vest og innland og utland. Vi håper mange vil oppleve lyden av Oslo, sier prosjektansvarlig i Språkrådet, Ingunn Indrebø Ims.

Utstillingen er et samarbeid mellom MultiLing – senter for flerspråklighet ved Universitetet i Oslo, Bymuseet og Språkrådet, og åpner 4. mai.

Men FFI har faktisk ein del nynorskbrukarar, og det ligg alltid fleire «skjulte» i ein stor organisasjon. Utfordringa er å finne dei og få dei til å skrive nynorsk. Når ein nynorskbrukar til dømes skal samarbeide med ein bokmålsbrukar om ein tekst, går det nesten automatikk i at fyrstnemnde «bøyer av» og skriv bokmål. Men slik bør det ikkje vere, iallfall ikkje i ein organisasjon som treng meir nynorsk.

*No har du eitt års tid på baken som språkrådgjevar i FFI. Kva er det viktigaste rådet ditt til andre i same situasjon rundt omkring i staten?*

– At dei må skunde seg langsamt. Det kjem til å løne seg.

Astrid Marie Grov

## Byte namn? Snakk med oss!

Når statsorgan skal få nytt namn, skal Språkrådet takast med på råd. Namn på statsorgan er ikkje ei sak for institusjonen aleine, og det er viktig at det blir teke språkfaglege omsyn når ein lagar nye namn. I det siste har det vore nokre døme på uheldige namnleggningar i staten, t.d. det nyetablerte *Nord universitet*. Om Språkrådet kjem inn tildeig i prosessen, unngår vi at namn bryt med norske namngjevingsprinsipp.

Også når kommunar skal namnsettast, ønskjer Språkrådet å vere med i drøftinga. Stadnamn er språklege kulturminne, og det er viktig at retningslinjene i *lov om stadnamn* blir følgde når nye

kommunar får nye namn som følge av endringar i kommunestrukturen.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har nyleg presentert overfor kommunane at nye namn må vere i tråd med kulturhistoriske og språklege omsyn. Det inneber m.a. at eit nytt namn skal vere dekkjande for heile eller store delar av det aktuelle området, slik at så mange innbyggjarar som råd kan identifisere seg med namnet. Eit namn som *Gudbrandsdal* kommune bør berre brukast dersom det i stor grad er samanfallande med dei kommunane som i dag utgjer Gudbrandsdalen. Samtidig skal offentlege namn vere lette å skrive, lese og uttale. Vi rår derfor frå å kombinere to eller fleire kommunenamn, anten det er med bindestrek eller bindeordet *og*.

## Tankestreken – ikke glem den!

Mange blander sammen tankestrekk og bindestrek.

Det blir det slutt på når man lærer de viktigste bruksområdene til tankestreken.

### Mellan to ytterpunkter, oftest tall:

I årene 1990–2000  
to-tre personer  
21.–23. mars  
Ukedagene mandag–onsdag

### Mellan steder og konkurrenter:

Toget Oslo–Halden  
Håndballkampen Tertnes–Byåsen

Merk at det ikke skal være mellomrom før og etter tankestreken.

I noen sammenhenger bruker man både bindestrek og tankestrekk i sammenskrivninger. Da må man holde tungen rett i munnen:

2-2-kampen mellom Rosenborg og Vålerenga  
Bergen–Voss-trafikken  
60–70-tallet

### Som alternativ til komma:


Forskriften – som ble vedtatt i fjor – innebærer en rekke endringer.  
Nå er kaffen kald – igjen!

Pettersen gikk seg en tur på kafeen hver kveld – det var en vane han hadde lagt seg til.

Tankestreken skiller ut innskuddet på en tydeligere måte enn kommaet. Her skal det være mellomrom før og etter tankestreken.

### Ved hele kronebeløp:

kr 540,-



### Som sitatstrek:

– Vent, ropte hun



### Tankestrekk på tastaturet

PC: Alt + 0150 eller Ctrl + minus på det numeriske tastaturet

Mac: Alt + bindestrek



Returadresse:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO



# SPRÅKTIPS

## FOR BOKFINKER



### Anmarsj eller frammarsj?

Stundom kan vi lese eller høre at noe «er på anmarsj». «Bevere på anmarsj» var overskriften på en artikkel om bevere som hadde gnagd over et tre som falt over en strømledning, slik at mange mistet strømmen. Det handlet også om en generell økning i beverbestanden. En annen overskrift lød slik: «Digitalt salg er i kraftig anmarsj». I disse eksemplene er uttrykket blandet sammen: **i anmarsj** og **på frammarsj**. Normalt er det bare frammarsj som kan brukes med adjektiv (som «kraftig»), og i dag kombineres frammarsj oftest med **på**. Foran anmarsj må preposisjonen *i* regnes som obligatorisk.

*Anmarsj* kommer fra tysk, der *an-* betyr 'til'. At noe er i anmarsj, betyr at det nærmer seg, at det er *i kjømda*, som det heter på godt norsk: «Et uvær er i anmarsj.» *Frammarsj* er i den opprinnelige militære betydningen nesten det samme som 'framrykning'. Det brukes om framgang og ekspansjon i overført betydning. Hvis noe er på frammarsj, er det ikke bare på vei mot noe, det vinner fram, slik som beverne og det digitale salget i overskriftene. Men hvis våren har fått marsjstøvlene på når dette nummeret av Statsspråk sendes ut i mars, er det likevel rettest å si at den er *i anmarsj*!

## FOR MÅLTROSTAR



### Ikkje skriv «Byen, kor eg bur»

På bokmål brukar ein «hvor» når ein innleiar ei ledsetning som opplyser om stad: *De ansatte skal til Eidsvoll, hvor de skal lære om Grunnloven.*

Men på nynorsk kan vi ikkje bruke «kor» på same måten. Ordet *ein* skal nytte, er

«der»: *Dei tilsette skal til Eidsvoll, der dei skal lære om Grunnlova. Ho skal til København, der ho skal feriere.*

Merk at ein heller ikkje skal leggje til «kor» etter «der», slik ein del gjer etter mønster frå bokmål («der hvor»).

## DIKTET

### MIDT I BYEN

Lenge, altfor lenge var mitt hjerte uten sang.  
Men nu bor jeg midt i byen som jeg gjorde før engang,  
og mitt hjerte svinger frydefullt ved posthusklokken klang!

Midt i byen, under taket på en gård av jernbetong.  
Fjerne åser, trær og trehus kan jeg vinke til: So long!  
Landlig fred er bra for mange. Salig hver på sin fasong.

Her på loftet kan jeg høre byens stemme dag og natt:  
bilens brøl og trikkers hvin og unge kvinners lyse skratt.  
Godt for mennesket å kjenne at han ikke er forlatt.

-----  
Byen, alltid byen, til jeg engang slukner brått  
som en svart elektrisk lampe når dens glødetråd er gått.  
Får jeg lyse litt i byen, så dens sinn blir mindre grått?

Rudolf Nilsen (1929)

## ORDKLEKKING

Sist etterlyste vi andre ord for det å drukna i møte. Møteflaum og møteskred er visst ikkje ukjende fenomen i Direktoratet for forvaltning og IKT, opplyser ein medarbeidar der. Og når vi no har gått inn i ein lengre bolk med ein jamn straum av møte, er det den fyrste møtemonsunen i år.

Har du nokon gong fått ei arbeidsoppgåve du meiner er heilt meiningslaus? Sjølvsagt ikkje. Du arbeider jo i staten. Årlig talt! Men kanskje du kan leva deg inn i denne situasjonen? I så fall kan du få utlaup for den reitt hypotetiske frustrasjonen med å laga ord for dette. Skriv til stat@sprakradet.no og merk e-posten «ordklekking».

## SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende folk i stat og presse.

Dette egget er lagt av en nettavis:  
*Politiet traff mann med stort stålsverd.*

Slik måtte det jo før eller senere gå når regjeringa «forlenget bevæpningen». Vi håper politiet snart går tilbake til de korte tresverdene.